

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 21.01.2015:

Framlegg frå SV v. Øystein Høgetveit:

Tillegg:

Plan- og miljøutvalet set som vilkår for delinga at kontraktpunktet om tilbakeføring av Nordheim 150/4 skal tinglysast som eit hefte på denne eigedomen.

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget til Høgetveit vedteke med 6 mot 1 røyst.

Plan- og miljøutvalet gjev Jon Tvitekkja – i medhald av jordlova § 12 – løyve til ei mellombels frådelling av gnr. 150/4 i frå driftseininga gnr. 150/2 m. fl. Det er eit vilkår at gnr. 150/4 skal tilbakeførast gnr. 150/2 m. fl. i tråd med kjøpekontrakt av 30.12.2014 når overdragar ikkje lenger bur på gnr. 150/4.

Plan- og miljøutvalet set som vilkår for delinga at kontraktpunktet om tilbakeføring av Nordheim 150/4 skal tinglysast som eit hefte på denne eigedomen.